

Eigarskapsmelding for Sauda kommune

2016 – 2017

Vedtak: KOM 041/2016



(Logoane viser nokre av selskapa Sauda kommune er eigar i)



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

DEL I: EIGARSKAP OG SELSKAPSSTYRING.....	3
1.1 INNLEING	3
1.2 SELSKAPSFORMER I KOMMUNAL SEKTOR	4
1.3 RETNINGSLINER FOR EIGARSKAP, LEIING OG KONTROLL AV SELSKAP	7
DEL II: SELSKAPSOVERSYN	11
2.1 AVGRENSEND AV SELSKAPSGJENNOMGANGEN	11
2.2 AKSJESELSKAP.....	11
Sauda Bedriftskapital AS	11
Sauda Golbane AS.....	12
Rysteg AS	12
Sauda Vekst AS	13
Norsk Bane AS	14
Reisemål Ryfylke AS.....	15
Sauda Folkets Hus AS.....	15
Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS	16
E134 Haukelivegen AS	16
Fjord Norge AS.....	17
Kommunekraft AS	18
2.3 INTERKOMMUNALE SELSKAP	19
Ryfylke IKS	19
Haugaland Vekst IKS.....	19
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS.....	20
Krisesenter Vest IKS.....	20
Haugaland kontrollutvalgssektretariat.....	20
2.4 KOMMUNALE FØRETAG ETTER KOMMUNELOVA KAP. 11	22
2.5 INTERKOMMUNALE SAMARBEID/STYRE ETTER KOMMUNELOVA § 27 .	22
2.6 STIFTINGAR	22
Stiftelsen Tveit-tunet.....	22
Fritjof Weltzin skifond	23
Friluftsrådet Vest.....	23
Ryfylke friluftsråd	24



DEL I: EIGARSKAP OG SELSKAPSSTYRING

1.1 INNLEIING

Bakgrunn for eigarskapsmeldinga

Sauda kommune har eigarskap i både kommunale/interkommunale selskap og aksjeselskap. Målet med eigarskapsmeldinga er å skapa eit verktøy for å drøfta kommunen sine motiv for deltaking i ulike selskap. Samansetjinga av eigarskapsporteføljen til kommunen skal gagne innbyggjarane på ein formålstenleg måte. I eigarskapsmeldinga har ein mulighet til etablera prinsipp og retningsliner for kommunen si eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Kommunen har også eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor eigarinteressene i selskapa. I 2004 blei det teke inn reglar om selskapskontroll i kommunelova som gir kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve eigarane og selskapsleiinga.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventningar, mål og strategiar for selskapa. Eigar sine forventningar og strategiar vert eit utgangspunkt for selskapskontrollen og for behandling av selskapet si drift og resultat.

Eigarskapsmeldinga bør årleg oppdaterast og vedtas i kommunestyret. Ei slik ordning vil utvikle kommunen som eigar og klårgjera rolledelinga mellom eigar og

selskap. Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av selskapsstyra. Derfor er det viktig at kommunestyret i Sauda ovanfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventningar. Styret si oppgåve vert å vidareutvikla strategien og å arbeida for å realisera selskapa sine mål.

Det er i denne eigarskapsmeldinga ikkje definert kva mål Sauda kommune har med dei ulike eigarpostane. Dette er i varierande grad definert tidlegare. I neste revisjon vil rådmannen forsøke å formulere Sauda kommune sitt føremål med deltaking i kvart einskild selskap og samarbeid. Ved inntreden i nye samarbeid må føremålet frå eigar kome tydeleg fram. Rådmannen oppmodar politikarane til å diskutere Sauda kommune som eigar sine føremål med ulike selskap.

Oppbygginga av eigarskapsmeldinga

Meldinga har to delar. I del 1 vert det presentert aktuelle selskapsformer for kommunen, felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene. I tillegg reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa. I del 2 omtales selskap og samarbeid som Sauda kommune eig eller deltek i.



1.2 SELSKAPSFORMER I KOMMUNAL SEKTOR

Aktuelle selskapsformer

Kommunen står i prinsippet fritt i val av selskapsform, så sant det ikkje følgjer avgrensingar i lover og forskrifter for oppgåveområdet. Når vedtak om val av selskapsform er gjort, må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigardokumenta. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde selskapsform.

Det er i hovudsak tre moglege selskapsformer for kommunal sektor:

1. Eit *aksjeselskap* kan eigast av kommunen aleine eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar eller private rettssubjekt. Eigarane i eit AS har avgrensa økonomisk risiko. Det øvste organet i selskapet er generalforsamlinga.
2. Eit *interkommunalt selskap* kan berre eigast av kommunar, fylkeskommunar og andre interkommunale selskap. Eigarane av eit slikt selskap har uavgrensa ansvar for selskapet forpliktingar. Det øvste organet i eit slikt selskap er representantskapet.

For desse to selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan. Kommunestyret gjev mynde til å utøve styringa.

3. Eit *kommunalt/fylkeskommunalt føretak* etter kommunelova kap. 11 gjev selskapet ei noko meir sjølvstendig stilling. Føretaket er ein del av kommunen som rettssubjekt og kommunen hefter for føretakets forpliktning.

Føretaket leiast av eit styre som er utpeika direkte av kommunestyret.


Vidare vil det i ein eigarskapsmelding også vere relevant å sjå på samarbeid og selskap som ein har interesser i (men ikkje nødvendigvis eigarskap i).

4. Ved *interkommunale samarbeid/styre* etter kommunelova § 27 står kommunane fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt avgjerdsmynde eller representasjonskompetanse. For desse føretaka kan det etablerast styre for å binde samarbeidskommunane saman. Avhengig av graden av mynde som blir overført til selskapet kan ein rekne desse selskapa som sjølvstendige rettssubjekt.
5. Kommunar og fylkeskommunar kan etablere stiftningar (Stiftelsesloven av 2001). Oppretterane står fritt til å velje føremålet. Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt. Eit stifting har ingen eigarar, ein opprettar har gjennom eigedomsretten inga krav på til dømes å utøve styring eller ta ut overskot.
6. Det finnast andre typar eigarforhold og samarbeid som også er av interesse. I 2007 kom til dømes lova om samarbeid gjennom vertskommune. Eit vertskommunesamarbeid har to former, enten administrativt vertskommune-samarbeid eller med felles folkevald nemnd.

For samarbeid mellom kommunale og private aktørar er det viktig å sikra godt samarbeid gjennom gode avtaler. Gråsoner som gjeld ansvar og roller mellom kommunen og aktørane bør unngåast.

Figuren på neste side viser graden av politisk styring for selskapsformene:





For alle selskapa har Sauda kommune følgande generelle eigarstrategi:

Langsiktige målsettingar

Selskapa forvaltar offentlege ressursar og er fristilt den kommunale forvaltninga. Dei økonomiske og tenestemessige vala selskapa tar på vegne av sine eigarar skal ha langsiktige mål som bærebjelke. Dette betyr at den langsiktige måloppnåinga skal prioriterast framfor kortsiktig avkastning og ressursforvaltning.

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar skal sikrast gjennom god [arbeidsgjeverpolitikk](#), god selskapsskikk, prioritering av miljøvennlege og bærekraftige organisasjons- og tenesteløysningar. Eigarane bør også ha ein bevisst bruk av selskapa sin kompetanse i forhold til samfunnsutviklingsarbeid generelt.

Openheit

Openheit som ein verdi relaterer seg til eigarane og selskapet si line i forhold til innbyggjarar, media, tilsette og omverda elles og praktiseringa av offentleghetslova.

For kommunen som eigar, inneberer dette å sikre ein open debatt om forvaltning av forhold som gjeld selskapa. Det står her sentralt at forvaltninga av forhold som gjeld selskapa er synlege og kan etterprøvast.

For selskap omfatta av offentleghetslova inneber dette at rutinar for mogleg innsyn leggjast tilrette. Selskap som har si hovudverksemد innanfor forretning og som opererer i ein marknad, er ikkje omfatta av offentleghetslova. Så langt som mogleg skal selskapa og forvaltninga av desse, praktiserast opent med mindre det gjeld konkurransemessige eller personalmessige spørsmål.



Eigarstrategi og selskapsform

Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkuranseregelverk.

Dersom eit selskap er i ein konkurransesituasjon og målet er økonomisk avkastning, så talar dette for val av AS-forma. Dersom ønsket er politisk og demokratisk kontroll og styring, så bør verksemda haldast innan vanleg kommunal organisasjonsstruktur, eventuelt bør det veljast § 27 - organisering etter kommunelova dersom det gjeld samarbeid mellom fleire kommunar. For verksemder som både har eit finansielt og samfunnsmessig fokus, og samstundes er i ein konkurransesituasjon, må ein vurdera om KF (kommunalt føretak) er best eigna.

Ein god eigarstrategi for Sauda kommune vil medverke til og klargjera kva kommunen ønsker med selskapa. Ei grundig vurdering og evaluering av føremåla gjer det lettare å vurdera selskapa sine økonomiske og samfunnsmessige resultat, det gir betre informasjon om kostnader og vinst med kommunen sitt eigarskap, og det medverkar positivt til å gjera kommunale organ betre skikka til å utøva eigarskap i selskap.

Motiv for selskapsetablering - føremålsklassifisering.

I kommunale eigarskapsmeldingar vert gjerne eigarskapen gruppert etter kommunen sitt motiv og mål med det einskilde selskapet. Motiv og mål med selskapet får følger for korleis eigarstyringa bør innrettast. Målet er ikkje statisk, men kan endre seg over tid.

Følgande fem motiv for eigarskap vert nytta av fleire kommunar:

1. Finansielt motivert

Selskap kor motiv og hovud-grunngjevinga for eigarskapen er moglegheiter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Føremålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske kriterier for lønsemelding til grunn for selskapet sitt arbeid.

2. Politisk motivert

Selskapet er motivert og hovudgrunngjevinga for eigarskapen er eit strategisk val av å posisjonera kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande ligg som grunngjeving for denne kategorien eigarskap.

3. Effektivisering av tenesteproduksjon

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngjeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved å yta tenesta sjølv.

4. Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap som er motivert og grunngjeve i at kommunen gjennom slike selskap vil oppnå totalt sett meir samfunns-økonomisk gunstig resultat/ gjennomføring av oppgåver.

Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngjevinga for slike selskap.

5. Regionalpolitisk posisjon

Selskap som er motivert og grunngjeve utifrå at det styrkar kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan og posisjon for å utløysa statlege midlar /prioriteringar vera ein del av grunngjevinga.

Når Sauda kommune i framtida vurderer selskapsetablering eller deltaking i selskap, så bør føremålet relaterast til eit eller fleire av dei refererte motiva. Som regel vil det vera fleire motiv som ligg bak oppretting eller deltaking i eit selskap.

Vurdering og val av selskapsform – konsekvens for eigarstyringa

Kommunen står i prinsippet fritt til val av selskapsform, så framtid det ikkje følgjer avgrensingar i lover og forskrifter for oppgåveområdet.

Når vedtak om val av selskapsform er gjort, må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigaordumenta. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde



selskapsforma. For kommunale føretak (KF) er kommunestyret føretaket sitt øvste organ. For interkommunale selskap vert eigarskapen utøvd i representantskapet og i aksjeselskap i generalforsamlinga.

Selskapskontroll – kapittel 12 i kommunelova

Kommunelova fekk i 2004 eit nytt kapittel 12 om internt tilsyn, kontroll og revisjon. Selskapskontroll vart etablert som eit nytt omgrep innan kommunelova. Dei nye lovreglane går kort ut på at kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa. I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar eig alle aksjane og i heileigde dotterselskap av slike selskap, har kontrollutvalet og revisor rett til å krevja relevante opplysningar både frå selskapet sin dagleg leiar, styret og ekstern revisor.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for denne kontrollen. Kontrollutvalet skal minst

ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføringa av selskapskontrollen. Med utgangspunktet i planen for selskapskontroll skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og om resultata av desse.

Ein årleg gjennomgang av eigarskapsmeldinga i kommunestyret, i same møte som kontrollutvalet legg fram sin rapport, vil gi eit godt og samla informasjonsgrunnlag for kommunestyret, og medverka til ei meir effektiv forvaltning og kontroll med selskapa.

Ny offentlegheitslov

Offentlegheitslova har med verknad frå 1. januar 2008 fått eit utvida verkeområde. Verksemder med over 50 prosent offentleg eigardel vert omfatta av lova sine vilkår. Unnateke er selskap som driv verksemd i konkurransen med andre.

1.3 RETNINGSLINER FOR EIGARSKAP, LEIING OG KONTROLL AV SELSKAP

KS Eierforum er eit kompetanseforum i regi av Kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon. Eigarforumet har utarbeidd nitten råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

Med utgangspunkt i råda om eigarskap vert det i dette kapitlet gjennomgått prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal leggjast lagt til grunn for Sauda kommune sin eigarskapspolitikk.

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde

Sauda kommune vil organisera ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil skje som del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si årlege behandling av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll.

Nr. 2 Utarbeiding av eigarskapsmelding

Sauda kommune har utarbeida ei eigarskapsmelding etter KS Eierforum sine råd. Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for dermed å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne mål, forventningar og føresetnader.

Eigarskapsmeldinga bør evaluerast årleg av kommunestyret. Så langt råd er skal dette skje i første møte etter ferien. I samband med den årlege behandlinga av meldinga vert det lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutinane som denne meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av mål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskilde selskap skal så langt råd er drøftast i dette møtet.



Nr. 3 Utarbeidning og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Sauda kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap. Eigarstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtalen/vedtekten. Innan rammene av selskapsavtalen/vedtekten skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for si verksemeld.

Føremålet med selskapa vert vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Nr. 4 Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, behov for eigarstyring, marknadstilhøva og konkurranse-regelverket. Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, bør eit selskap med avgrensa ansvar vera mest aktuelt. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigenregi, kan både interkommunale selskap og føretak vera tenlege former. Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemeld som krev eigarstyring.

Før det vert teke endeleg stilling til oppretting av selskap og val av selskapsform, så skal følgjande tilhøve vera vurdert i høve oppgåver, føremål og funksjonar for selskapet:

- Behovet for direkte og reell politisk styring
- Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet.
- Risikovurdering; gjeld m.a. økonomi, marknad, miljø, samfunnstryggleik og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar
- Selskapet sin økonomiske fridom og avgrensing m.o.t. delegasjon av mynde
- Forvaltningslova/offentlegheitslova
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Offentlege innkjøpsreglar
- Arbeidsgjeverpolitikk
- Tilknyting til arbeidsgjeverorganisasjon

Nr. 5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemeld

Sauda kommune som eigar skal gjera ei særlig vurdering av om selskap driv konkurranseverksemeld i tillegg til monopolverksemeld. Kommunen vil i slike høve i størst mogleg grad leggja til grunn at selskap og verksemder som dette er aktuelt for, skil dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda for å unngå mistanke om rolleblanding og kross-subsidiering.

Nr. 6 Eigardokument som grunnlag for selskaps- og forvaltningskontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og eit kontrollansvar for å sikra at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevd og at etiske omsyn vert ivaretakne. Kontrollen vert utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningskontroll og selskapskontroll. I samsvar med § 80 i kommunelova kan kommunestyret vedta kva dokument som skal sendast til kontrollutvalet og revisor som grunnlag for kontrollarbeidet. Kontrollen bør også omfatte korleis eigarstyringa vert utøva.

Før det vert vedteke nærmere reglar for aktuelle eigarstyringsdokument som skal sendast kontrollutvalet, er det naturleg at utvalet kjem med innspel til kva dokument utvalet treng som grunnlag for sitt kontrollarbeid. Kommunen si eigarskapsmelding er eit naturleg dokument.

Kontrollutvalet skal i ein konkret plan for gjennomføring av årleg selskapskontroll gjera greie for innhaldet i selskapskontrollen, korleis rapporteringa skal skje, prioriteringar og tidsrom for gjennomføring av planen. Kontrollen bør også omfatte korleis eigarstyringa vert utøva.

Kontrollplanen skal leggjast fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret på bakgrunn av utført forvaltnings- og selskapskontroll. Kontrollrapportar bør behandlast i kommunestyret samla i samband med kommunestyret si årlege behandling av eigarskapsmeldinga.



Nr. 7 Innsynsrett og kontroll i delvis eigde selskap

Kommunestyret ber om at eigarrepresentantane fra Sauda kommune føreslår vedtektsendringar som gjev kommunen sitt kontrollutval og revisor innsynsrett. Dette i selskap der kommunen er ein betydeleg eigar, der det finnast private aksjonærar og der føremålet med kommunen sitt eigarskap er politisk motivert.

Nr. 8 Eigarorgan og funksjon

Sauda kommune vil i hovudsak bygge på etablert praksis, det vil seie at:

- Politisk leiing som hovudregel vert oppnemnd som eigarrepresentant(ar) i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønskje og behov for oppfølging av selskapet si verksemd. I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den som ho/han gir fullmakt, representera kommunen
- Selskapa der kommunen har eit uttrykt ønskje og behov for det, rapporterer periodisk til utepekt komité eller til formannskapet
- Einskilde selskap vert i periodar følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål
- Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutinar mellom kommunen og selskap, og at det skjer naudsynte avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen imellom formelle eigarmøte.
- Rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande skal som hovudregel verta lagt fram for politisk behandling i forkant av eigarmøte. Tidspunkt for eigarmøte skal varslast tidleg på året og dokumenta bør ligga føre min 30 dagar før møte i generalforsamling/ representantskap.
- Det politiske organet som har desse sakene til behandling (kommunestyret, formannskapet eller komité), gir styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøte, og kan eventuelt instruera denne.

- Kommunen si valnemnd gjer framlegg om kandidatar til styreverv.

Nr. 9 Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor

Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt spesifikke føremål. Styret bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse.

Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er naudsynt for å følgje opp eigar sine forventningar. Dersom naudsynt kompetanse ikkje er tilstade i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det vert, om naudsynt, gitt tilbod om opplæring.

Nr. 10 Gjennomføring av eigarmøte

Eigarmøta skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lovverk og i samsvar med presiseringar som framgår av KS Eierforum si tilråding:

"Anbefalingen om gjennomføring av eiermøter, er en presisering av loven. Styreleder og daglig leder har plikt til å delta på generalforsamlingen i aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikke plikt. Revisor har rett til å være tilstede, og noen ganger plikt når de saker som skal behandles gjør dette nødvendig. For de interkommunale selskapene, har styrets leder og daglig leder plikt til å være tilstede på representantskapsmøte. Dette gjelder ikke for revisor, men det anbefales å følge aksjelovens regler på dette punkt. Det anbefales at denne retten varsles uavhengig av organisasjonsform. For å sikre en best mulig kommunikasjonslinje, oppfordres det til at kommune/kommunene tilrettelegger for obligatorisk deltagelse for både daglig leder, styrets leder og revisjon uavhengig av organisasjonsform".

Nr. 11 Valkomité for utnemning av styre

Valkomiteen i Sauda kommune skal som hovudregel innstilla på Sauda kommune sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikra eit styre med naudsynt kompetanse til å leia selskapet i tråd med eigar sitt føremål. Samansetninga av styre



bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og bør veljast ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sitt eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra. Valkomiteen si tilråding bør grunngjenvæst. Særleg bør spørsmål knytt til moglege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om habilitet vurderast.

For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, så bør det oppretta ein eigen valkomité som speglar eigardelen i selskapet. Leiaren i valkomitéen i kommunen representerer til vanleg Sauda kommune i valkomitéen for interkommunale selskap og andre selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Sauda kommune har p.t. ikkje utpeikt eigen valkomite, men rådet er tatt med ihht KS sine anbefalingar

Nr. 12 Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra

Styreleiar har eit særleg ansvar for å sikra at styrearbeidet fungerer godt og at styret har naudsynte rutinar for sitt arbeid i høve selskapet si verksemd og storleik.

Styreleiar er ansvarleg for at den samla kompetansen i styret vert nytta effektivt, og at kompetanse blant styremedlemene vert utvikla, jamfør KS Eierforum sine råd. Som ein generell regel skal alle styremedlemmene ha høve til opplæring i styrearbeid.

Styret skal i si årsmelding gje ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing.

Nr. 13 Styresamansetjing i konsernmodell (ikkje aktuell for Sauda)

Styret i morselskap bør ikkje sitja i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan vera representert i datterselskapet sine styre. Dersom datterselskap yter tenester til morselskap i konkurransen med andre, så bør det vera "ledelsesmessig" og funksjonelt skilje mellom selskapet for å unngå ugildskap og rolleblanding i tilbodsprosessar.

Nr. 14 Oppnemning av vara-representantar

Sauda kommune vil som hovudregel gå inn for ei ordning med numerisk vald vara til

styret for å sikra kontinuitet og kompetanse.

Nr. 15 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (kommunestyre, representantskap/generalforsamling) å avgjere kva for type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet anbefalast det å unngå situasjonar der styrets medlemmer ofte blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av leiande politikarar i selskapsstyrene.

Det anbefalast at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar. Spørsmålet skal vurderast utifrå selskapet sitt føremål, og valnemnda skal i si innstilling særlig vurdera moglege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltningslova.

Nr. 16 Kjønnsrepresentasjon i styra

Sauda kommune vil uavhengig av selskapsform arbeide for lik kjønnsrepresentasjon i styra.

Nr. 17 Godtgjersler til styremedlemer

Godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i skal mellom anna reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verkseda sin kompleksitet. Generelt skal styreleiar godtgjera særskilt i høve styremedlemene.

Selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for alle styremedlemene for det økonomiske svaret.

Styremedlemer bør ikkje ta på seg særskilde oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap, bør registrera verva på www.styrevervregister.no

Nr. 18 Utarbeiding av etiske retningslinjer

Sauda kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i føremål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i.



Styret er ansvarleg for at selskapet har utarbeidd retningslinjer for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift.

Nr. 19 Rådmannen si rolle i kommunale føretak

Som ein hovudregel skal rådmannen ikkje sitja i styre for selskap kor kommunen har

eigarinteresser. Der kor rådmannen er inhabil, er heile hans organisasjon inhabil.

Rådmannen si samhandlingsrolle ovanfor føretak skal vurderast særskilt ved etablering av føretak.

DEL II: SELSKAPSOVERSYN

2.1 AVGRENsing AV SELSKAPSGJENNOMGANGEN

I denne delen av eigarskapsmeldinga blir selskapa som Sauda kommune har eigar- og deltarinteresser i gjennomgått.

Ein vil vurdere selskapa ut i frå dei ulike selskapsformene som er referert til i del I:

1. Aksjeselskap
2. Interkommunale selskap
3. Kommunale føretak etter kommunelova kap. 11
4. Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova § 27
5. Stiftingar
6. Andre typar eigarforhold og samarbeid

2.2 AKSJESELSKAP

Sauda Bedriftskapital AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	2013
Føremål	Frå vedtekten: <i>"Bidra til en lønnsom videreutvikling av næringslivet i Sauda og bærekraftige nyetableringer ved at det blir gitt tilskudd og inspirasjon til virksomheter som satser målbevisst for å skape nye produkter, tjenester og arbeidsplasser i Sauda, gitt tilskudd til nyetableringer og bedrifter som ønsker å videreutvikle sin virksomhet eller gå nye veier for å etablere nye arbeidsplasser eller skutt inn nødvendig aksjekapital for etablering av AS."</i>



Styret	(Pr. april 2016) <ul style="list-style-type: none"> • Sivert Sørnes (leiar) • Astrid Espeland • Gro Johanne Lofthus • Asbjørn Birkeland (ordførar) • Wictor Juul (rådmann)
Dagleg leiar / Adm. dir	Sauda Vekst har administrativ funksjon
Kommunen sin eigardel	100 %
Resterande eigarar	-
Øvrige kommentarar	Sauda kommune bevilgar årleg kapital til SBK AS via kommunens næringsfond frå konsesjonavgifter (kapittel 4401) http://www.sauda-vekst.no/lokalt-naeringsfond/

Sauda Golfsbane AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	2006
Føremål	Selskapets formål er å bygge og videreutvikle golfbanen i Sauda.
Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Inge Løyning (leiar) • Mette Helen Seim • Ann-Helen Eik-Nes • Svein Istad
Dagleg leiar / Adm. dir	Inge Løyning
Kommunen sin eigardel	54 %
Resterande eigarar	Sauda Vekst, Saudefaldene AS
Øvrige kommentarar	Sauda golfbane eig golfbanen i Sauda, og leiger den ut til Sauda golfklubb. Sjå www.saudagolf.no

Rysteg AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	1998
Føremål	<p>Frå selskapets vedtekter:</p> <p>“(...) Produksjon og salg av varer og tjenester.</p> <p><i>I tillegg skal Rysteg A/S bistå offentlige og private bedrifter med yrkesrettet attføring i samarbeid med NAV i Sauda og Suldal. Rysteg A/S skal søke å tilrettelege for arbeidstrening og andre arbeidskvalifiserende tiltak. Attføringsvirksomheten er selskapets primære virksomhet.”</i></p>



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

Styret	<ul style="list-style-type: none"> Bernt Jarle Dolmen (leiar) Gerd Helen Bø Anbjørn Vaage Andreas Fløgstad Kara Tveit Laila Stødle Kjell Vidar Hovland (arb.takar.rep) Jorunn Kristin Janson
Dagleg leiar / Adm. dir	Håvard Rosnes
Kommunen sin eigardel	51 %
Resterande eigarar	Suldal kommune, Eramet Norway AS, Sparebanken vest, øvrige mindre aksjonærar
Øvrige kommentarar	<p>Rysteg er Sauda kommune sitt attføringselskap. Samarbeidet med Rysteg er viktig for kommunen sin attføringsinnsats, og kommunen tilbyr jamnleg plassar for arbeidsutprøving i samarbeid med Rysteg og NAV.</p> <p>Rysteg har gjennom dei siste åra levert gode attføringsfaglige resultater og har sunn økonomi. Selskapet har jobba proaktivt for å få i gong prosjekt/tilbod der det har vore behov for ekstra innsats.</p> <p>Rammevilkåra for attføringsbransjen blir nå endra. Hittil har Rysteg levert tenester til Sauda og Suldal kommune. Nå konkurrerer Rysteg mot store internasjonale selskap om leveransar i geografisk større områder. Dette vil ha betydning for det totale tilbuet til Sauda kommune. Rysteg er derfor inne i ein viktig prosess for å tilpasse si verksemd til framtida.</p> <p>www.rysteg.no</p>

Sauda Vekst AS	
Selskapsform	AS
Stiftingsår	1997
Føremål	<p><i>"Sauda Vekst as er et næringsutviklingsselskap med over 80 eiere og deltagere fra et bredt spekter av næringslivet; industri, reiseliv og handel, administrativ og offentlige tjenester. Sauda Vekst skal være pådriver for at Sauda framstår som et attraktivt og robust samfunn. Sauda Vekst skal bidra til en bedre utnyttelse av Saudas naturlige fortrinn for å øke lokal verdiskapning."</i></p>
Styret	<ul style="list-style-type: none"> Bernt Jarle Dolmen (leiar) Svein Iistad Ivar Johannes Handeland Sofrid Seim Nilsen Gro Johanne Lofthus Gunn Karin Bastlien



Dagleg leiar / Adm. dir	Inge Løyning
Kommunen sin eigardel	14,63%
Resterande eigarar	Eramet Norway AS, Rogaland fylkeskommune, lokale bedrifter
Øvrige kommentarar	<p>Sauda Vekst er Sauda sitt næringsutviklingselskap, og interesseorganisasjon for om lag 80 større og mindre bedrifter i Sauda. Selskapet har tett samarbeid med kommune-administrasjonen, og Sauda omstilling.</p> <p>Sauda kommune si rolle i samfunns- og næringsutvikling, og organisering av utviklingsapparatet i Sauda er p.t. under evaluering av Sauda omstilling gjennom prosjektet "Ka ittepå". Sauda Vekst har ei viktig rolle i næringsutviklingsarbeidet, men er ikke i ein omstillingsprosess etter at kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift (AGA-midlane) er falt vekk.</p> <p>www.sauda-vekst.no</p>

Norsk Bane AS	
Selskapsform	AS
Stiftingsår	2002
Føremål	<i>"Norsk Bane AS arbeider med utredning og prosjektering av høyhastighetstog i Norge. I tillegg til dette tilbyr selskapet planlegging og analyse av infrastruktur og driftsopplegg for jernbane og tilhørende transportsystemer."</i>
Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Kjell Stundal, Bø, leiar • Einar Velde, Haugesund • Kari Waage Gjuvsland, Suldal • Lise Hansson, Fister • Georg Stub, Ski • Emile Bersaas, Oslo • Hallgeir Langeland, Stavanger • Hans Kristian Lehmann, Vinje
Dagleg leiar / Adm. dir	Jörg Westermann
Kommunen sin eigardel	11,81%
Resterande eigarar	Fleire kommunar (Vinje, Odda, Suldal, Bykle, Tokke, Bø, Haugesund m.fl.), Rogaland fylkeskommune, samt øvrige mindre aksjonærar
Øvrige kommentarar	<p>Norsk Bane AS har i ei årrekke arbeidd for å fremja høghastighets jernbane som framtidas transportløysning i Noreg – m.a. mellom aust og vest over Haukeli, med stoppestad i Sauda.</p> <p>www.norskbane.no</p>



Reisemål Ryfylke AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	1995
Føremål	<p>Frå selskapets nettsider:</p> <p><i>"Me skal styrke reiselivsatsinga i regionen samt private interesser saman med kommunane i regionen. Reisemål Ryfylke samarbeider nært med FjordNorge NCE Tourism, Innovasjon Norge og lokale reiselivsansvarlege i kommunar og fylke samt nabodestinasjonar. Selskapet skal arbeide aktivt for lokale reiselivsaktørar med å koordinere marknadsføring og bidra til konkret og overordna produktutvikling."</i></p>
Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Audun Rake, leiar • Ragnar Fosstveit, nestleiar • Leif Nieuwejaar • Leonarda Johanna Maria Wijergangs • Ingvill Hauskevåg Gjertsen
Dagleg leiar / Adm. dir	Liv Jorunn Tjelmeland
Kommunen sin eigardel	7,35%
Resterande eigarar	Ryfylkekommunane, Sparebank 1 Sr-Bank, øvrige
Øvrige kommentarar	<p>Deltaking i reiselivssamarbeid i Ryfylke har vore viktig i arbeidet med Nasjonal turistveg. Sauda og Ryfylke er også kopla tettare saman enn tidlegare etter opning av Sandsfjord bru. Ragnar Fosstveit har i fleire år representert Sauda m.a. via styreverv i selskapet.</p> <p>Sauda kommune har dei siste åra valt å delta aktivt i Reisemål Ryfylke, men ikkje Destinasjon Haugesund og Haugalandet (sjå lengre nede). Reiselivet er inne i en struktur-reform, og det er p.t. uvisst kva rolle dei regionale destinasjonsselskapa.</p> <p>www.ryfylke.com</p>

Sauda Folkets Hus AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	2015
Føremål	Selskapet sitt formål er å restaurera og sikra Folkets Hus som kulturminne, og byggja og eiga dette som hovudkulturbrygg i Sauda kommune, og med dette forbunden verksemrd.
Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Sivert Sørnes, leiar • Roy Ove Kvernernes • Karl Erik Handeland • Kjell Steinar Andersen



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

	<ul style="list-style-type: none"> Mette Helen Seim
Dagleg leiar / Adm. dir	Sauda Veskt v/dagleg leiar ivaretar adminsitrasjonen p.t.
Kommunen sin eigardel	56,77% (A + B aksjar)
Resterande eigarar	Bedrifter og private
Øvrige kommentarar	Arbeidet med prosjektering «nybygg» er p.t. i sluttfasen. Når resultatet her ligg føre, vil det bli tatt standpunkt til prosjektets vidare framdrift.

Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	2015
Føremål	<p>Frå selskapets nettsider:</p> <p><i>"Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS skal gjennom målrettet nasjonal- og internasjonal markedsføring bidra til økt trafikk og sesongforlengelse og dermed tilrettelegge for bedret lønnsomhet i reiselivstilknyttede bedrifter i regionen. Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS skal ved formidling av markeds kunnskap bidra til at reiselivsnæringen i regionen tilbyr markedstilpassede produkter og tjenester."</i></p>
Styret	<ul style="list-style-type: none"> Inger Karin Larsen (leiar) Aase Simonsen Asbjørn Moe Martin Laurhammer Rolf Harald Bogshamn Svein Erik Innbo
Dagleg leiar / Adm. dir	Vigleik Dueland
Kommunen sin eigardel	1,16%
Resterande eigarar	Lufthavnbygging AS, Haugesund kommune, Karmøy kommune, Vista Holding AS, samt fleire mindre.
Øvrige kommentarar	<p>Sauda kommune har ein liten eigarandel og deltar p.t. ikkje aktivt i Destinasjon Haugesund og Haugalandet.</p> <p>www.visithaugesund.no</p>

E134 Haukelivegen AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	2001
Føremål	<p>Frå selskapets nettsider:</p> <p><i>"Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg</i></p>



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

	<p><i>kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.</i></p> <p><i>Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.”</i></p>
Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Petter Steen (leiar) • Laila Irene Johansen • Arne Alf Haldorsen • Atle Kvåle • Ellen Marie Solheim • John Opdal • Terje Riis-Johansen • Olav Kasland • Gry Anette Rekanes Amundsen • Helene Justad
Dagleg leiar / Adm. dir	Børge Skårdal
Kommunen sin eigardel	2,22%
Resterande eigarar	Eit stort antal andre eigarar med 10 aksjar kvar
Øvrige kommentarar	www.haukelivegen.net/

Fjord Norge AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	1993
Føremål	<p>Frå selskapets nettsider:</p> <p><i>“Fjord Norge AS er reisemålsselskapet for de fire Vestlandsfylkene. I tett samspill med næringen selv, koordinerer vi det internasjonale markedsarbeidet.</i></p> <p><i>Fjord Norges visjon er å være det mest profesjonelle og slagkraftige destinasjonsselskapet i Europa. Selskapets skal posisjonere Fjord Norge som verdens mest attraktive destinasjon for natur- og opplevelsesferier.</i></p> <p><i>Fjord Norge AS skal gjennom målrettet internasjonal markedsføring bidra til økt trafikk og sesongforlengelse og dermed tilrettelegge for bedret lønnsomhet i reiselivstilknyttede bedrifter i regionen. Fjord Norge AS skal ved formidling av markedskunnskap bidra til at reiselivsnæringen i regionen tilbyr markedstilpassede produkter og tjenester.”</i></p>



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Terje Devold (leiar) • Erik Berg • Frank Dagfinn Madsøy • Hilde-Gunn Bjelde • Jan Heggheim • Jan Per Styve • Ole Warberg • Elisabeth Line Saupstad • Elisabeth Bakken
Dagleg leiar / Adm. dir	Kristian Berger Jørgensen
Kommunen sin eigardel	Mindre enn 1 prosent
Resterande eigarar	Reiselivsaktørar, fylkeskommunar, kommunar
Øvrige kommentarar	no.fjordnorway.com/

Kommunekraft AS

Selskapsform	AS
Stiftingsår	1993
Føremål	<i>“Selskapets formål er å formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.”</i>
Styret	<ul style="list-style-type: none"> • Arvid Bjarne Lillehaugen (leiar) • Inga Johanne Balstad • Kjell Idar Juvik • Solveig Sundbø Abrahamsen • Benthe Enes Bondhus
Dagleg leiar / Adm. dir	Lund & co (LVK) er sekretariat
Kommunen sin eigardel	1 aksje, 1000 kr.
Resterande eigarar	LVK, 57%
Øvrige kommentarar	Sauda kommune har benytta Komunekraft sine tenester til årlig sal av konsesjonskraft. Komunekraft har eit sterkt fagmiljø representert ved advokatkontoret Lund & co som også er sekretariat for LVK. http://kommunekraft.no/



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

2.3 INTERKOMMUNALE SELSKAP

Ryfylke IKS

Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2001
Føremål	Føremålet med selskapet er å styrkja regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet kan driva si verksemد dels i eigen regi og dels fungera som tilretteleggar for andre både offentlege og private verksemder. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemد. Selskapet kan og inngå samarbeidsavtaler med kommunar, andre selskap og verksemder.
Kommunen sin eigardel	20 %
Tilsette	5
Resterande eigarar	Forsand, Strand, Hjelmeland, og Suldal
Øvrige kommentarar	www.ryfylkeiks.no

Haugaland Vekst IKS

Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2004
Føremål	<i>"På vegne av deltakerkommunene, å drive slikt nærings- og regionalutviklingsarbeid som ellers normalt ville bli utført av kommunene selv, dvs. samarbeid for å fremme og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakerkommune. Selskapet kan også yte andre tjenester til deltakerkommunene, evt. tjenester til andre enn deltakerkommunene, under forutsetning av et slik tjenesteyting ikke endrer selskapets status som "offentlig oppdragsgiver"/leverandør av tjenester i "egenregi", slik at lov om offentlige ansaffelser ikke gjelder i forhold til selskapets tjenesteyting til deltakerkommunene. Pr. i dag antas denne forutsetning å innebære at levering av andre tjenester/tjenester til andre enn deltakerkommuner ikke må overstige 20% av selskapets omsetning."</i>
Kommunen sin eigardel	9,09 %
Tilsette	10
Resterande eigarar	Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio, Bokn, Vindafjord, Etne, Utsira og Suldal.
Øvrige kommentarar	www.haugaland-vekst.no



Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS

Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2002
Føremål	<p><i>Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet fra deltakerne eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivloven. Selskapet skal tilby depotlass for deltakernes arkivmateriale, samt veilede deltakerne slik at de har tilfredsstillende oppbevaringsforhold for arkivmateriale. Selskapet skal i samråd med deltakerne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtjenester hos deltakerne. Det kan bl.a. bestå i å utarbeide arkivplan og bygge opp deltakernes arkiv, stå for opplæring og rettledning i arkivsystemer og arkivrutiner, gi råd og ha tilsyn med arkivlokaler, og bistå med annet arkivarbeid, i samsvar med arkivlov og forskrift.</i></p>
Kommunen sin eigardel	3,5 %
Tilsette	7
Resterande eigarar	24 rogalandskommunar og fem interkommunale samarbeidsordningar.
Øvrige kommentarar	http://ikarogaland.no/

Krisesenter Vest IKS

Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2011
Føremål	<p>Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2 d). Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune.</p>
Kommunen sin eigardel	2,79 %
Tilsette	25
Resterande eigarar	17 eigarkommunar i Rogaland og Hordaland
Øvrige kommentarar	http://krisesentervest.no/

Haugaland kontrollutvalgssekretariat

Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2004
Føremål	<p>Formålet med selskapet er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tilby sekretariatstjenester til kontrollutvalget i deltakerkommunene og nærliggende kommuner. 2. Selskapet skal drives i balanse, slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene.



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

Kommunen sin eigardel	4,20 %
Tilsette	2
Resterande eigarar	Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS utfører sekretariatstenester for kontrollutvalg i kommunane: Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.
Øvrige kommentarar	http://kontrollutvalgene.no/



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

2.4 KOMMUNALE FØRETAK ETTER KOMMUNELOVA KAP. 11

Sauda kommune har p.t. ingen kommunale føretak etter kommunelova kap. 11.

2.5 INTERKOMMUNALE SAMARBEID/STYRE ETTER KOMMUNELOVA § 27

IT-samarbeidet i Ryfylke (RITS)

Vertskommunesamarbeid mellom Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand. Driftar og utviklar Tett samarbeid og utveksling av ressursar med dei lokale IT-avdelingane. Verstkomme er Strand.

Haugaland interkommunale skjenkekontroll

Sauda er administrativ vertskommune for 9 kommunar i Sunnhordland og på Haugalandet. Samarbeidet blei starta opp i 2014.

Miljøretta helsevern

Sauda er vertskommune for miljøretta helsevern for kommunane Suldal, Etne og Vindafjord.

2.6 STIFTINGAR

Sauda kommune har redusert omfanget av stiftingar betydeleg dei seinare åra. P.t. eig eller deltar kommunen i følgande stiftingar.

Stiftelsen Tveit-tunet	
Om stiftinga	<p>Stiftelse Tveit-tunet er ei frittståande stifting med eit styre på 7 medlemmer. Styret vert utpeikt av kommunestyret.</p> <p>Styret består pr. april 2016 av følgande medlemmer:</p> <ul style="list-style-type: none">• Knut Risvold Ålvik• Alf Jostein W. Årtun• Gro Melstveit• Ola Breivik• Anne Marit Aalvik• Kristin Næss Øye• Kjell Steinar Andersen• Maud Breivik (vara)• Bjørn Birkeland (vara)
Føremål	<p>Ihht vedtekten: "Å eie, restaurere, vedlikeholde og drive Tveit-tunet i Sauda, slik at tunet med dets bygninger bevares for etterslektens i samsvar med tidligere eiers forutsetninger ved gaven til Sauda kommune"</p>



Fritjof Weltzin skifond

Om stiftinga

Styret består av følgande medlemmer:

- Åshild Marie Øverland, kultursjef
- Lars Terje Sandvik, rektor Sauda ungdomsskule
- Anders Skaarer, leiar Sauda idrettsråd

Det er ikkje høg aktivitet i stiftinga. Styret seier i si årsmelding for 2015 at "den lave fondskapitalen gjør at framtiden til Frithjof Weltzin Skifond må vurderes etter inneværende periode."

Friluftsrådet Vest

Om stiftinga

Friluftsrådet Vest (tidligare Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd) er eit interkommunalt organ.

Representantskapet har 21 medlemmer med stemmerett og er det øvste organet i Friluftsrådet Vest. Eigarkommunane vel medlemmer til representantskapet.

Medlemmene med personleg vara vert valt for 4 år om gongen. Representantskapet kjem saman ein gong i året, seinast innan utgangen av april månad. Innkalling til møtet skal skje med minst 4 vekers varsel. Årsmøtet vel leiar/nestleiar i representantskapet. Budsjett og rekneskap skal etter vedtekten sendast medlemskommunane som melding.

Styret(konsernstyret) har eit medlem frå kvar kommune med personleg vara. Styremedlemene vert valt for to år om gongen.

Kontingeneten for medlemskommunane blir årlig regulert i samsvar med forventa prisstigning ifølge kommunal deflator for kostnader for inneverande år

Føremål

Rådets oppgåver er i samarbeid med medlemskommunane, statlige og fylkeskommunale etatar og andre interesserte å virke for:

1. Sikring, tilrettelegging og drift av områder for friluftsliv av forskjellige slag til allment bruk med tanke på medlemskommunanes befolkning i ein eller fleire av rådets kommunar.
2. Større forståing for friluftsområdas betydning, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.

<http://www.frivest.no>



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365

Ryfylke friluftsråd

Om stiftinga	Ryfylke Friluftsråd er et interkommunalt samarbeidsorgan, bestående av 11 kommuner i Ryfylke og på Nord Jæren.
Føremål	Friluftsrådets oppgave er å sikre, tilrettelegge og drive områder for friluftsliv av forskjellige slag til allmenn bruk. I tillegg skal Friluftsrådet arbeide for å skape større forståelse for friluftslivsområdenes betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv.
http://www.ryfri.no	



Sauda kommune - Litt betre kvar dag

SAUDA 365